

### Saksgang

Utvær	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		31.08.2021

### Klagesak – Avkøyrsle fv. 562 – gnr. 21 bnr. 237 - Askøy

Forslag til vedtak

1. Klagen datert 08.09.2020 på avslag om avkøyrsle fra fv. 562 til fritidsbustad på gnr. 21 bnr. 237 i Askøy kommune, vert ikkje teken til følgje.

Samandrag

Saka gjeld avslag på søknad om etablering av ny avkøyrsle fra fv. 562 til fritidsbustad på Bjørn K. Skarsvåg sin eigedom i Askøy kommune.

Fylkeskommunedirektøren finn at vilkåra for å etablere ny avkøyrsle etter veglova ikkje er oppfylt, og rår til at klagen ikkje vert teken til følgje.

Rune Haugdal  
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
avdelingsdirektør organisasjon og  
økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne underskrift*

### Vedlegg

- 1 19\_233792-1 Varsel om stopp av pågående arbeid på gbnr 21\_237 på Åsebø i Askøy kommune 10441600\_2\_1 (3)
- 2 19\_233792-2 Gbnr-10\_237---Forhaandsvarselsom-paalegg-og-tvangsmulkt 10463874\_1\_1
- 3 19\_233792-3 Deres referanse\_ 19\_233792-1 10495017\_1\_1
- 4 19\_233792-3 Statens vegvesen G 21 B 237 10495018\_1\_1
- 5 19\_233792-4 Klageskjema 10564150\_1\_1
- 6 19\_233792-4 Svar - Vedrørende varsel om stopp av pågående arbeid på gnr. 21 bnr 10530943\_7\_1 (1)
- 7 19\_233792-5 Gbnr-21\_237---Paalegg-om-retting-og-ilegging-av-tvangsmulkt 10689447\_1\_1 (1)
- 8 Avkjørsel - Gnr. 21 bnr. 237 i Askøy kommune - Oversendelse av klagesak til Fylkesmannen i Vestland
- 9 2018-2175-Multiconsult-AS\_radonvurdering\_resultater[29206]
- 10 Analyse-sprengstein[29204]
- 11 Epost
- 12 Gbnr-10\_237---Forhaandsvarselsom-paalegg-og-tvangsmulkt

- 13 Gbnr-21\_237---Byggesak-fritidsbolig  
14 Gbnr-21\_237---Deres-klage-er-mottatt  
15 Gbnr-21\_237---Frist-for-innsendelse-av-tilleggs-klage  
16 Gbnr-21\_237---Klage-paa-vedtak  
17 Gbnr-21\_237----Kopi----Varsel-om-stopp-av-paagaaande-arbeid  
18 Gbnr-21\_237---Oversendelse-av-klagesak  
19 Gbnr-21\_237---Paalegg-om-retting-og-ilegging-av-tvangsmulkt  
20 Gbnr-21\_237---Sak-2018\_4201---Fritidsbolig  
21 Gbnr-21\_237---Svar---Vedrørende-varsel-om-stopp-av-paagaaende-arbeid  
22 Gbnr-21\_237---Tilleggsklage  
23 Gbnr-21\_237---Tilsvar---Forhaandsvarsel-om-paalegg-og-tvangsmulkt  
24 Klageskjema  
25 Vedlegg  
26 Stadfesting - byggesak - gnr 21 bnr 237 - etablering av avkjørsel parkering og snuareal - Askøy kommune  
27 587964  
28 Søknad om avkjørsel - hytte - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune  
29 Søknad avkjørsel Askøy  
30 HPSCAN\_20200517113425673  
31 Svar - Avkjørsle - Fritidsbustad - Fv. 562 - Gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune  
32 Tilbakemelding - gnr 21 bnr 237 - utsatt frist - Askøy kommune - kopi av brev  
33 Gbnr-21\_237---Utsatt-frist  
34 19\_233792-1 Varsel om stopp av pågående arbeid på gbnr 21\_237 på Åsebø i Askøy kommune 10441600\_2\_1  
35 19\_233792-4 Svar - Vedrørende varsel om stopp av pågående arbeid på gnr. 21 bnr 10530943\_7\_1  
36 19\_233792-3 Deres referanse\_ 19\_233792-1 10495017\_1\_1  
37 19\_233792-3 Statens vegvesen G 21 B 237 10495018\_1\_1  
38 19\_233792-5 Gbnr-21\_237---Paalegg-om-retting-og-ilegging-av-tvangsmulkt 10689447\_1\_1  
39 Søknad om utbedring av avkjørsel - gnr 21 bnr 237 - Davangervegen - Askøy kommune  
40 Scan\_20200701\_100045  
41 Førebels svar - Utbetring av avkjørsle - gnr 21 bnr 237 - Davangervegen - Askøy kommune  
42 Nabovarsel - bygge godkjent avkjørsel og parkeringsplass - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune  
43 Kart  
44 Klage på vedtak - avkjørsle - fritidsboligar - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune  
45 Klage på vedtak - Fv. 562 - Avkjørsle - Fritidsbustad - Gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune  
46 Kopi - frist for retting av ulovlig utført tiltak - avkjørsel m.m - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune  
47 Kopi - Svar på henvendelse - avkjørsel - fv. 562 - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune  
48 Kopi - Svar på henvendelse - avkjørsel - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune  
49 Kopi - Avslutning av sak - ny avkjørsel m.m. - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune  
50 Oversending av klage - Avkjørsel - Fv. 562 - Gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune  
51 Gbnr 21\_237 - Redegjørelse.pdf  
52 Bilde\_1.pdf  
53 Oversendelse av vedtak av 18.09.2019 - avkjørsle - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune  
54 Gbnr 21\_237 - Pålegg om retting og iletting av tvangsmulkt.pdf  
55 Avkjørsel fra fv. 562 gnr/bnr 21/237 - Askøy kommune Fra Vestland Fylkeskommune  
56 Sak 2019/5418 - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune  
57 Avkjørsel fra fv. 562 - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune Fra Vestland Fylkeskommune  
58 Avkjørsel fra fv. 562 - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune Fra Vestland Fylkeskommune  
59 Kopi av oversendingsbrev til klagenemnda - Vurdering av klage - Avkjørsel - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Askøy kommune fatta i vedtak av 18.09.19 pålegg om retting og ileyng av tvangsmulkt for ulovlig etablert avkørsle, veg, parkering og snuareal på gnr. 21, bnr. 237. Bjørn K. Skarsvåg påklaga vedtaket. Statsforvaltaren stadfesta i brev av 27.03.2020 kommunen sitt vedtak. Saka vart avslutta hjå kommunen ved deira brev av 01.02.2021, etter at Skarsvåg hadde utført retting i tråd med pålegg.

Bjørn K. Skarsvåg søkte 13.05.2020 om ny avkørsle frå fylkesveg 562 til eksisterande fritidsbustad på gnr. 21 bnr. 237 i Askøy kommune. I søknad av same dato (motteke hjå fylkeskommunen 01.07.2020) er det søkt om utbetring av avkørsle. Vegstyremakt for fylkesvegar er fylkeskommunen, jf. veglova § 9 (2).

Avdeling for infrastruktur og veg (underinstansen) fatta vedtak om avslag på søknad om ny avkørsle i brev av 25.08.2020 (med feil dokumentdato 24.06.2020).

Advokat Bjørn Liabø klaga på vegner av Bjørn K. Skarsvåg (klagar) på avslaget ved brev av 08.09.2020.

Underinstansen fann ikkje grunnlag for å endre avgjerda, og saka vart oversendt til klagenemnda for endeleg avgjerd ved brev av 02.06.2021 (med feil dokumentdato 01.02.2021).

Vedtakskompetanse

Klagenemnda er klageinstans for enkeltvedtak treft av fylkeskommunen, jf. forvaltningslova § 28 (2), med unntak av enkeltvedtak treft av fylkestinget.

Klagen

Advokat Bjørn Liabø har på vegner av Bjørn K. Skarsvåg sendt inn slik klage datert 08.09.2020 på avslag på søknad om avkørsle:

«Vedtak i overnevnte sak påklages. Vedtaket er datert 24. juni 2020 men Bjørn Skarsvåg mottok vedtaket først 18. august 2020. Klagen er med dette inngitt rettidig.

Vedtaket påklages ettersom saken ikke synes å være godt nok opplyst slik at grunnlaget for vedtaket, og resultatet, er uriktig.

Vedtaket bes omgjort slik at kommunens vedtak blir omgjort og det gis tillatelse til avkjørsel.

Vi vil gjennomgå sakens dokumenter og komme tilbake til ytterligere merknader».

Fylkeskommunedirektoren sine vurderinger

Klagar meiner at saka ikkje er godt nok opplyst. Det er uvisst for fylkeskommunedirektøren kva høve ved saka klagar meiner ikkje er godt nok opplyst. Fylkeskommunedirektøren slår fast at Statsforvaltaren har fatta endeleg vedtak kva gjeld pålegg om retting og ileyng av tvangsmulkt for avkjørsel, veg, parkering og snuareal på gnr. 21 bnr. 237. Fylkeskommunedirektøren legg til grunn at det aldri er gjeve løyve til å etablere avkørsle frå fv. 562 til eigedomen. Forvaltingssaka som ligg til fylkeskommunen å behandle, er soleis søknad om etablering av ny avkørsle etter veglova § 40 (2). Fylkeskommunedirektøren finn at saka er godt nok opplyst.

Ved vurderinga av om det skal gjevest løyve etter veglova § 40 (2), må ein vege klagar sin interesse i å få etablert avkørsle mot omsyna som går fram av veglova § 1 a., herunder trafikktryggleik og trafikkavvikling.

Fv. 562 har på den aktuelle staden årsdøgntrafikk (ÅDT) på 3800 køyretøy. Omsøkte avkørsle ligg på ein sein strekning der fartsgrensa er 80 km/t. Fylkesvegen har to køyrefelt, men ikkje gul midstripe. Fylkesvegen er for det meste fri for avkørsle på strekninga mellom Ravnanger og Kjerrgarden. Det er nokre større kryss, til dømes mot Davanger og på Åsebø, men relativt få avkørsle. Etter fylkesrådmannen sin vurdering, vil etablering av ny avkørsle vere til hinder for ei effektiv transportavvikling på ei strekning som er lagt til rette for høg fart.

Når det gjeld trafikktryggleiken, har underinstansen uttalt at det kan vere mogleg å innfri dei tekniske krava som frisikt og utforming av avkørysle på staden. Underinstansen har likevel kome til at det vil vere trafikkfarlig å etablere ny avkørysle, med omsyn på dei stadlege forholda, og at risikoen for alvorlege ulukker aukar med tal avkørysle og fartsnivå på strekninga.

Fylkeskommunedirektøren finn at dei stadlege forholda med høg fart, beint strekk, årsdøgntrafikk på 3800 køyretøy og få andre avkørysle, tilseier at ei ny avkørysle vil ha negativ verknad for trafikktryggleiken i form av auka risiko for alvorlege ulukker på staden.

I Vestland fylkeskommune si rammeplan 2021-2024 med haldningsklassar for avkørysle er vegen klassifisert i haldningsklasse 2/streng, og med slike føringer:

«-Talet på avkørsler til vegane skal vere svært avgrensa.

-Nye avkørsler, utanom til primærnæring som er bunden til areala, bør avklarast i reguleringsplan. Val av stad for avkørsler må vurderast nøye med tanke på den framtidige arealutviklinga.»

Fylkeskommunedirektøren presiserer at rammeplanen har status som ei rettleiar ved saksbehandling av mellom anna avkørslesaker. Fylkeskommunedirektøren konstaterer at løyve til avkørysle i dette høve ikkje vil vere i tråd med rettleiarens. Av underinstansen si saksframstilling, går fram at det er regulert eit større deponiområde, med eige avkøyringsfelt for større køyretøy, nord for avkørysla i saka her. Avkøyringsfeltet er planlagt fordi det er høgt fartsnivå og større køyretøy treng lengre strekning for å redusere farta tilstrekkeleg. Kryssområde inn til deponiet er regulert nord for dette igjen. Det er altså under etablering fleire avkøyringspunkt og kryss på ei kort strekning av fylkesvegen. Etter fylkeskommunedirektøren sin vurdering illustrerer dette trangen for avklaring av eventuell ny avkørysle gjennom reguleringsplan.

Fylkeskommunedirektøren har kome til at omsynet til trafikktryggleiken og trafikkavviklinga her veg tyngre enn klagar sin interesse i å etablere ny avkørysle. Fylkeskommunedirektøren finn at vilkåra for å etablere ny avkørysle etter veglova § 40 (2) ikkje er oppfylt.

#### Konklusjon

Vilkåra for å etablere ny avkørysle etter veglova § 40 (2) er ikkje oppfylt.  
Fylkeskommunedirektøren rår til at klagen ikkje vert teken til følge.